



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjord, Rådhuset  
**Dato:** 24.11.2015  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef PS 181/15, 182/15 og 183/15
Jorunn Anne Tomasgard	Helse- og omsorgssjef PS 182/15
Rune Totland	Teknisk sjef PS 182/15
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef PS 182/15

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 179/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 180/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 181/15	<b>Opptak av Startlån for 2015</b>
PS 184/15 OS 132/15	<b>Orienteringssaker Invitasjon til Volda</b>
PS 183/15	<b>Månadsrapport oktober 2015</b>
PS 182/15	<b>Årsbudsjett og økonomiplan 2016-2019</b>

## **PS 179/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

### **Innkalling:**

Etterutsending av dokument på møtedagen:

- Vedlegg til PS 182/15 – Notat frå rådmannen til formannskapet. *Spørsmål frå formannskapet 17. november 2015*, datert 24.11.2015.
- PS 183/15 - Månadsrapport oktober 2015.
- OS 132/15 - Brev frå ordførarane i Volda og Ørsta kommunar til statsråd Bent Høie. *Invitasjon til Volda*, datert 23.11.2015.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Sakliste:**

Ordføraren kom med framlegg om at OS 132/15 og PS 183/15 vert handsama i starten av møtet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

## **PS 180/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 17.11.2015, vart samrøystes godkjent.

## **PS 181/15 Opptak av Startlån for 2015**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune tek opp lån på 4 mill kr i Husbanken (Startlån). Lånet har ei løpetid på 25 år.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 24.11.2015 til kommunestyret:**

*Volda kommune tek opp lån på 4 mill kr i Husbanken (Startlån). Lånet har ei løpetid på 25 år.*

## **PS 184/15 Orienteringssaker**

### **OS 132/15 Invitasjon til Volda**

Brev frå ordførarane i Volda og Ørsta kommunar til statsråd Bent Høie. *Invitasjon til Volda*, datert 23.11.2015, vart utsendt til formannskapet på møtedagen.

Ordføraren orienterte om bakgrunnen for brevet. Formannskapet drøfta saka, og det vart gitt brei støtte til initiativet frå ordførarane.

## **PS 183/15 Månadsrapport oktober 2015**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Månadsrapporten for oktober 2015 vert teken til vitende.*

### **Handsaming:**

Saka vart utsendt på møtedagen.

Rådmannen og økonomisjefen orienterte om saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 24.11.2015**

*Månadsrapporten for oktober 2015 vert teken til vitende.*

**PS 182/15 Årsbudsjett og økonomiplan 2016-2019**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

**Handsaming:**

Notat frå rådmannen til formannskapet, *Spørsmål frå formannskapet 17. november 2015*, vart utsendt på møtedagen.

Helse- og omsorgssjef, utviklingssjef og teknisk sjef var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen og økonomisjefen orienterte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Endeleg innstilling til kommunestyret, vert gjort i formannskapet 1. desember 2015.

Møtet slutt kl. 13:40

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
24.11.2015

Sonja Håvik  
konsulent